



STORTINGET

Innst. 599 L

(2020–2021)

Innstilling til Stortinget
fra finanskomiteen

Prop. 194 LS (2020–2021)

Innstilling fra finanskomiteen om Endringer i skatte-, avgifts- og tollovgivinga m.m.

Til Stortinget

1. Innledning

Sammendrag

I revidert nasjonalbudsjett 2021 foreslår regjeringa følgjande endringar i skatte- og avgiftsreglane som har verknad for provenyet for 2021:

- Å forlenge mellombels reduksjon i låg sats for meirverdiavgift til 1. oktober 2021. Pandemien i saman med strenge smitteverntiltak har gjeve kraftig redusert omsetjing for verksemdar i reiselivet og persontransporten. Når samfunnet gradvis opnar meir opp, kan forlenga redusert meirverdiavgiftssats gje slike verksemdar eit ekstra lyft. Samstundes må dei økonomiske tiltaka vere tilpassa den nye situasjonen, noko som tilseier at òg dette tiltaket vert fasa ut. Tapet av proveny er rekna til om lag 450 mill. kroner netto påløpt og bokført i 2021.
- Å innføre avgift på viltlevande marine ressursar. Dette følgjer opp oppmodingsvedtak nr. 554 (2019–2020), jf. Meld. St. 32 (2018–2019) Et kvotesystem for økt verdiskaping – En fremtidsrettet fiskerinæring og tilhøyrande Innst. 243 S (2019–2020). Framlegget inneber ei fiskal særavgift på fyrstehandsomsetjing av viltlevande marine ressursar. Avgift skal betalast med 0,42 pst. av avgiftsgrunnlaget, som er brutto salsbeløp minus sektoravgift som skal betalast til fiskesalslaget. Framlegget vil auke det årlege provenyet med om lag 100 mill. kroner. Ved iverksetjing

1. juli, vil provenyet auke med om lag 50 mill. kroner påløpt og 25 mill. kroner bokført i 2021.

- Å auke satsen for minstepensjonist i pensjon frå 32 til 37 pst. Føremålet er at einslege minstepensjonistar med pensjon som einaste inntekt framleis ikkje skal betale inntektsskatt etter at minste pensjonsnivå vert auka. Provenytapet er rekna til om lag 315 mill. kroner påløpt og 160 mill. kroner bokført i 2021.
- Å vidareføre unntaket frå meirverdiavgift for akupunktur, naprapati og osteopati fram til 1. januar 2022. Ei eventuell lovendring for å autorisere akupunktørar, naprapatar og osteopatar som helsepersonell, vil ikkje kunne verte vedteken innan 1. juli 2021. Tapet av proveny er rekna til om lag 9 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2021.
- Å leggje ein strategi for å avvikle den mellombelse ordninga med betalingsutsetjing for skattar og avgifter som aukar høvet for fleire til å handtere dei utsette beløpa. Departementet foreslår at ordninga vert fasa ut for alle nye krav frå og med 30. juni 2021. Samstundes foreslår departementet å forskyve oppstart av innbetaling av utsette krav til 31. oktober 2021, og å auke avdragsperioden frå 6 til 12 månader. På usikkert grunnlag anslår departementet at framlegget gjev eit provenytap på om lag 150 mill. kroner i 2021. Forslaget vil òg kunne føre til at innbetaling av 4,5 mrd. kroner i ordninga vert utsett til 2022. Ei slik forskyving mellom år påverkar ikkje det strukturelle skattenivået, og endrar ikkje skatteinntektene når ein ser 2021 og 2022 samla.

I tillegg gjev utsett innføring av avgift på forbrenning av avfall som følgje av ein uavklart prosess med ESA, eit provenytap på 120 mill. kroner påløpt og 110 mill. kroner bokført i 2021 samanlikna med saldert

budsjett for 2021. Denne endringa og dei nye framlegga i dette reviderte budsjettet vil samla redusere skatte- og avgiftsinntektene med om lag 1 mrd. kroner påløpt og knapt 0,9 mrd. kroner bokført i 2021 samanlikna med saldert budsjett for 2021. Av dette er 0,6 mrd. kroner knytt til mellombelse tiltak i handteringa av pandemi-en. Heilårsverknaden av lettane er vel 0,1 mrd. kroner.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Endre reglane om bruk av sparemiddel i bustadsparring for ungdom (BSU), slik at middel på konto for BSU òg kan brukast til å koste på og vedlikehalde eigen bustad
- Innføre avgift på nye nikotinvarer, som e-sigarettar
- Enkelte justeringar av, og tillegg til, reglane om kjeldeskatt på renter og royalty, mellom anna for å avverje dobbeltskattlegging for norske NOKUS-deltakarar
- Endre reglane for registrering av britiske avgiftssubjekt i Merverdiavgiftsregisteret. Endringane gjev avgiftssubjekt heimhøyrande i Storbritannia høve til å registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret utan å nytte representant.
- Fastsetje ein regel om skattefritak på vilkår for erstatning utmåle etter ekspropriasjonserstatningslova i samband med forbodet mot hald av pelsdyr
- Oppheve føresegna i skattebetalingsloven § 16-12 om fullmektigars ansvar

Vidare foreslår regjeringa enkelte endringar som ikkje gjeld skatt og avgift:

- Endring i folkeregisterloven, kontaktopplysningar for dødsbu
 - Forlenging av ordninga med tilskot ved avbroten permittering
 - Endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020
- I tillegg er følgjande saker omtala:
- Høyring av framlegg til ny opsjonsskatteordning for selskap i ein oppstarts- og vekstfase
 - CO₂-avgift på naturgass og LPG til kjemisk reduksjon mv.
 - Høyring av framlegg om endring i solkraftfritaket i elavgifta
 - Avgift på alkoholfrie drikkevarer
 - Eingongsavgift på bubilar
 - Utsett betaling av frekvensavgift
 - Ordninga med frivillig retting på skatteområdet (skatteamnesti)

Det vert òg vist til følgjande saker som er omtalte i kapittel 5 i Meld. St. 2 (2020–2021) Revidert nasjonalbudsjett 2021:

- 350-kronersgrensa for innførsel av varer

- Regjeringa si oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 144, 146 og 147 (2020–2021) om mellom anna skattlegging av vindkraft og lokal kompensasjon
- Meirverdiavgiftskompensasjon for private verksemder
- Skattlegging av reiarlag
- Regjeringa si oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 658 (2020–2021) om straumutgifter

I proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i eigedomsskattelova
- lov om endring i Svalbardskatteloven
- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringar i lov om tilskudd ved avbrutt permittering
- lov om endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020
- lov om endringar i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven
- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakksvarer mv.
- vedtak om avgift på viltlevende marine ressurser

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fredric Holen Bjørdal, Svein Roald Hansen, Ingrid Heggø, Eigil Knutsen og Hadia Tajik, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, lederen Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad, Vetle Wang Soleim og Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspartiet, Morten Ørsal Johansen, Hans Andreas Limi og Sylvi Listhaug, fra Senterpartiet, Sigbjørn Gjelsvik og Trygve Slagsvold Vedum, fra Sosialistisk Venstreparti, Kari Elisabeth Kaski, fra Venstre, Ola Elvestuen, fra Kristelig Folkeparti, Tore Storehaug, fra Miljøpartiet De Grønne, Per Espen Stoknes, og fra Rødt, Bjørnar Moxnes, viser til at regjeringens vurderinger og forslag er nærmere omtalt i Prop. 194 LS (2020–2021), og til merknader knyttet til hvert kapittel nedenfor i denne innstillingen.

2. Foreløpig lavere merverdiavgiftssats

Foreløpig lavere merverdiavgiftssats behandles i Innst. 600 S (2020–2021) kapittel 4.

3. Avgift på viltlevende marine ressurser

Avgift på viltlevende marine ressurser behandles i Innst. 600 S (2020–2021) kapittel 4.

4. Minstefradrag i pensjonsinntekt

Sammendrag

Regjeringa ynskjer at pensjonistar som har minstenivået i alderspensjonen for einslege og ikkje har andre inntekter, ikkje skal betale skatt. For at dette framleis skal vere tilfellet i 2021 etter at minste pensjonsnivå er auka, må skattereglane for pensjon justerast. Regjeringa foreslår difor å auke satsen for minstefradraget i pensjonsinntekt frå 32 til 37 pst.

I forliket om 2021-budsjettet vart det semje om å auke minste pensjonsnivå for einslege med 5 000 kroner frå 1. juli 2021. Det vart og semje om å regulere alderspensjonen i folketrygda høgare for alle i 2021, ved at alderspensjonen skal regulerast med gjennomsnittet av pris- og lønsvekst, men ikkje høgare enn lønsvekst. Vidare vart det i samband med nysalderinga av 2020-budsjettet semje om ei eingongsutbetaling på 4 000 kroner i 2021 til dei som var einslege minstepensjonistar i 2020. Dette var ikkje meint å ha varig verknad på pensjonsnivået, men ved behandlinga av Dokument 8:53 S (2020–2021) oppmoda Stortinget regjeringa om at beløpet vert vidareført som ein permanent auke, med verknad frå 1. januar 2021 (vedtak 620). Regjeringa vart òg beden om å leggje inn ein kompensasjon i trygdeoppgjeret for 2021 for at trygdeoppgjeret i 2020 vart gjennomført med utgangspunkt i dagens modell for regulering av alderspensjon, og ikkje med gjennomsnittet av løns- og prisvekst (vedtak 619).

Arbeids- og sosialdepartementet har i Prop. 126 S (2020–2021) gjort greie for regjeringa si planlagde oppfølging og lagt fram forslag om tilhøyrande løyvingar på utgiftssida. Desse fem vedtaka om auka pensjon inneber i sum at pensjonsskattereglane for 2021 må justerast dersom minstenivået i alderspensjonen for einslege framleis skal vere skattefritt i 2021. Det er i proposisjonen omtalt at skattereglane for pensjon vil verte vurderde i revidert nasjonalbudsjett 2021 med sikte på at minstenivået framleis skal vere skattefritt.

Skattereglane for pensjonsinntekt er tilpassa slik at pensjonistar med minstenivået i alderspensjonen for einslege ikkje skal betale inntektsskatt dersom pensjonen er den einaste inntekta. For å oppnå dette, vert skatten fastsett på ordinær måte, med mellom anna personfrådrag og minstefrådrag, og deretter redusert med eit særskilt skattefrådrag for pensjonistar. Skattefradraget

vert trappa ned med pensjonsinntekta, i to trinn med ulike satsar.

Minstefrådrag vert gjeve i løns-, trygde- og pensjonsinntekt når alminneleg inntekt skal fastsetjast. Frå og med 2005 har det vore eit eige minstefrådrag i pensjonsinntekt. Det utgjer 32 pst. av pensjonsinntekta, med eit maksimalt nivå på 88 700 kroner. Minstefrådraget påverkar innslagspunktet for å betale skatt av pensjon. Etter gjeldande skattereglar er innslagspunktet for å betale skatt av pensjonsinntekt om lag 212 500 kroner.

For å syte for at minstenivået i alderspensjon for einslege vert verande skattefritt, foreslår regjeringa å auke satsen i minstefrådraget i pensjonsinntekt frå 32 pst. til 37 pst. Det vil auke innslagspunktet for å betale skatt av pensjon til om lag 218 700 kroner.

Framlegget vil redusere provenyet med om lag 315 mill. kroner påløpt og 160 mill. kroner bokført i 2021. Departementet legg til grunn at endringa vil ha avgrensa administrative følgjer.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 6-32 fyrste ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

5. Merverdiavgiftsplikt for akupunktur, naprapati og osteopati

Sammendrag

Frå 1. januar 2021 vart det innført plikt til å svare meirverdiavgift for omsetjing og formidling av alternativ behandling. For omsetjing og formidling av naprapati og osteopati vart det, i tråd med framlegget om lovendringar i Prop. 1 LS (2020–2021) Skatter, avgifter og toll 2021 punkt 9.2, vedteke utsett iverksetjing av endringa til 1. juli 2021. Bakgrunnen for utsetjinga var eit ynskje om å sjå an Helse- og omsorgsdepartementet si vurdering av om naprapatar og osteopatar skal få autorisasjon etter helsepersonelloven § 48 fyrste ledd. Omsetjing og formidling av helsetenester av autorisert helsepersonell er halde utanfor merverdiavgiftsloven. Eventuell autorisasjon av naprapatar og osteopatar krev endringar i helsepersonelloven. Ved behandlinga av lovframlegget om meirverdiavgift på omsetjing og formidling av alternativ behandling vedtok Stortinget òg å utsetje iverksetjing av lovendringa for akupunktur fram til 1. oktober 2021.

Helse- og omsorgsdepartementet sende 26. mars 2021 på høyring eit framlegg om å autorisere naprapatar og osteopatar etter helsepersonelloven.

Ei eventuell lovendring for akupunktørar, naprapatar og osteopatar vil ikkje kunne verte vedteken innan 1. juli 2021. Regjeringa foreslår difor at unntaket frå

meirverdiavgift for akupunktur, naprapati og osteopati vert vidareført fram til 1. januar 2022. Av di det vart lagt opp til at naprapati og osteopati inntil vidare ikkje vert omfatta av avgiftsplikta, vart det ikkje budsjettert med proveny frå omsetjing og formidling av naprapati og osteopati for 2021. Vidareføring av unntaket fram til 1. januar 2022 har difor ikkje provenyverknad for 2021. Provenytapet av å forlengje unntaket for akupunktur til 1. januar 2022 er anslått til om lag 9 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2021.

Departementet syner til framlegg til endring i romartal II i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet påpeker at Senterpartiet var imot innføring av merverdiavgift på alternativ behandling ved behandlingen av statsbudsjettet for 2021, og viser til Senterpartiets merknader til helsebudsjettet, Innst. 11 S (2020–2021), og forslag fremmet ved behandling av Innst. 2 S (2020–2021).

Disse medlemmer påpeker at regjeringens forslag om å innføre merverdiavgift på alternativ behandling var omstridt, og at mange høringsinnspill til statsbudsjettet for 2021 hadde sterke motforestillinger mot endringen. Disse medlemmer mener forslaget var mangelfullt utredet, og at endringen derfor burde vært utsatt til det var gjennomført en grundig og helhetlig vurdering av lov om alternativ behandling med tilhørende forskrifter inkludert registerordningen.

Komiteens medlem fra Miljøpartiet De Grønne viser til at Miljøpartiet De Grønne var imot å innføre full merverdiavgift på alternativ behandling. Miljøpartiet De Grønne foreslo å redusere fra full merverdiavgift til lav sats på 6 pst. fordi dette er virksomheter som har lite miljømessig fotavtrykk, og som kan være viktig for enkel menneskers trivsel. Dette medlem fremmet også et forslag om å avvente å innføre mva på alternativ behandling for personellgrupper som ventet på å få behandlet søknad om autorisasjon etter helsepersonelloven til et eventuelt avslag var gitt.

6. Boligsparing for ungdom

Sammendrag

Regjeringa vil opne for at middel på konto for bustadsparing for ungdom (BSU) òg kan brukast til å koste på og vedlikehalde eigen bustad.

Etter gjeldande reglar kan BSU-middel berre brukast til å dekkje kostnader til å skaffe seg eigen bustad og

betale ned bustadlån. Etter praksis kan midla likevel òg brukast til å dekkje kostnader til å føre opp garasje og tilbygg innan fem år etter ervervet av bustaden.

Departementet ser ingen god grunn til å skilje mellom slike kostnader og andre kostnader til heving av standarden (påkostingar) på og vedlikehald av bustad. I tillegg inneber reglane som gjeld frå 2021 at dei som allereie eig bustad, ikkje lenger har rett til skattefrådrag for sparing på BSU-konto. Det er då mindre grunn til å avskjere at BSU-midla vert brukte til påkostingar på og vedlikehald av bustaden. I einskilde tilfelle vil ein redusere høvet til i det heile å få brukt BSU-midla, viss ein ikkje tillèt at dei vert brukte til påkosting og vedlikehald.

Det er lagt til grunn at den foreslåtte endringa ikkje vil gje vesentlege provenyverknader, og endringa vil ikkje ha vesentlege administrative konsekvensar.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 16-10. Endringa skal ta til å gjelde straks med verknad frå inntektsåret 2021.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

7. Avgift på nye nikotinvarer m.m.

Avgift på nye nikotinvarer m.m. behandles i Innst. 600 S (2020–2021) kapittel 4.

8. Kildeskatt på renter og royalty m.m.

Sammendrag

I Prop. 1 LS (2020–2021) Skatter, avgifter og toll 2021, kapittel 6, foreslo regjeringa å innføre kjeldeskatt på renter, royalty og leiebetalingar for visse fysiske eigedelar. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt framlegg og vedtok å innføre ein slik kjeldeskatt med verknad frå 1. juli 2021 for kjeldeskatt på renter og bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettar, og frå 1.oktober 2021 for kjeldeskatt på bruk av eller retten til å bruke visse fysiske eigedelar. Departementet syner til Innst. 4 L (2020–2021) kapittel 6. Dei nye reglane om kjeldeskatt er nedfelte i skatteloven §§ 2-3 fyrste ledd bokstav i og j, jf. §§ 10-80 til 10-82. Som varsla i proposisjonen, kjem departementet no tilbake med einskilde tillegg og presiseringar til dei vedtekne reglane.

Departementet foreslår ein ny regel om skattefrådrag for NOKUS-deltakarar. Kjeldeskatten omfattar òg betalingar til såkalla NOKUS-selskap, det vil seie norsk-kontrollerte aksjeselskap mv. heimehøyrande i lågskattelands jf. skatteloven § 10-60. Norske deltakarar i NOKUS-selskap vert skattlagde i Noreg for sin del av selskapet sitt overskot etter reglane i skatteloven §§ 10-60 flg. For å hindre at inntekt vert skattlagd både etter NOKUS-reglane og etter reglane om kjeldeskatt, foreslår regje-

ringa nye reglar om frådrag i norsk inntektsskatt for slike deltakarar. Etter framlegget til nye reglar skal norske deltakarar i NOKUS-selskap ha rett til frådrag i skatt som vert skriven ut på alminneleg inntekt, og trinnskatt. Frådraget skal svare til deltakaren sin del av den kjeldeskatte NOKUS-selskapet har betalt. Regjeringa foreslår òg ein rett til å framføre kjeldeskatt som ikkje kjem til frådrag i inntektsåret. Retten til å framføre skal gjelde for dei fem påfølgjande åra. I tillegg vert det foreslått ein avgrensa, subsidiær rett til å tilbakeføre kjeldeskatt i fastsett skatt i det føregåande året. Det vert vist til framlegg om nye §§ 16-70 og 16-71 i skatteloven.

Departementet foreslår òg eit generelt unntak frå kjeldeskatteplikt for NOKUS-selskap når alle deltakarane oppfyller vilkåra for NOKUS-skattlegging på betalingstidspunktet. Når alle deltakarane i NOKUS-selskapet er underlagde skattlegging på norsk nivå, gjer ikkje omsyna bak kjeldeskatte seg gjeldande. Det vert vist til framlegg om endringar i skatteloven § 10-80 andre ledd og § 10-81 andre ledd i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringar i skatteloven, og endringar i skattebetalingsloven § 8-1 nytt fjerde ledd og § 8-2 fyrste ledd.

Vidare foreslår departementet ein overgangsregel til føresegna om nærståande i skatteloven § 10-82. I framlegget presiserer ein at vilkåra for å verte rekna som nærståande må vere oppfylte på eller etter verknadstidspunktet for iverksetting av dei nye reglane om kjeldeskatt. Det vert vist til framlegg om ny overgangsregel til skatteloven § 10-82 i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringar i skatteloven.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, slutter seg til regjeringens lovfor-slag.

Flertallet er helt enig i at det er viktig at de norske skattereglene utformes slik at de bidrar til investeringsnøytralitet og motvirker skattemotiverte etableringer i lavskatteland. Dette er også bakgrunnen for at dagens NOKUS-regler i sin tid ble innført. Etter disse reglene skattlegges norske aksjonærer i Norge løpende for sin forholdsmessige andel av overskudd i selskaper i lavskatteland som de har investert i. For investeringer i lavskatteland som omfattes av NOKUS-reglene, er det imidlertid ikke behov for en kildeskatt i tillegg (inntektene blir allerede underlagt et norsk beskatningsnivå gjennom NOKUS-reglene). Kildeskatten er i stedet et supplement til NOKUS-reglene og er blant annet ment å ramme tilfeller der NOKUS-reglene ikke treffer.

Flertallet mener det ikke er riktig at kildebeskatning sammen med NOKUS-beskatning ikke vil medføre økonomisk dobbeltbeskatning. Kildeskatt er en brutto-

skatt og reduserer ikke det overskudd som i henhold til NOKUS-reglene skal skattlegges løpende i Norge, jf. skatteloven § 10-65. At overskuddet i NOKUS-et ikke kan nettoføres, er også tydelig presisert i departementets forslag i proposisjonen.

Flertallet ser det ikke slik at det er en stor risiko for at de foreslåtte reglene kan brukes til å omgå norsk beskatning. Det er bare norske skattytere – som er gjensstand for løpende skattlegging i Norge gjennom NOKUS-reglene – som etter forslaget kan benytte seg av fradragsregelen eller unntaksregelen. Departementet har riktignok skissert én mulig omgåelsesmulighet, som kan foreligge dersom det skjer endringer i eiersammensetningen etter at den kildeskattepliktige betalingen er foretatt. Flertallet viser til Prop. 194 LS (2020–2021) side 26. Departementet viser her til at dette sjelden vil være aktuelt, og at omgåelsesregelen i skatteloven § 13-2 vil kunne være anvendelig i slike tilfeller. For øvrig varsler departementet at en vil vurdere nærmere om det er behov for å innføre en regel som gjør selskapet etterskuddspliktig for kildeskatt i slike tilfeller. Flertallet mener at departementet her har gitt en tilfredsstillende redegjørelse for faren for omgåelse, og støtter at en bør se an hvordan de nye reglene virker, før en eventuelt strammer inn regelverket.

Flertallet vil for øvrig peke på at dersom selskape organiserer seg slik at eierne blir underlagt NOKUS-reglene for å unngå kildeskatt, vil det i tilfelle være en ønskelig tilpasning, ettersom eierne da vil bli underlagt løpende nettobeskatning til Norge. Kildeskatt bør ikke ilegges betalinger som allerede er gjensstand for norsk skattlegging.

Flertallet viser ellers til at NOKUS-beskatningen, på samme måte som øvrig fastsetting av inntektsskatt til Norge, skjer ved at den skattepliktige selv egenfastsetter skattegrunnlaget og rapporterer dette inn til skattemyndighetene. Dersom skattyter innrapporterer uriktige opplysninger, vil det være snakk om skatteunndragelse, ikke skatteomgåelse. Flertallet mener videre at eventuelle problemer knyttet til kontroll med innrapporterte opplysninger fra NOKUS-selskaper ikke bør søkes løst gjennom å illegge kildeskatt i tillegg til den løpende NOKUS-skattleggingen. Norske skattemyndigheters tilgang på opplysninger for å fastsette riktig skatt, herunder å føre kontroll med riktigheten av innrapporterte opplysninger, må sikres gjennom andre tiltak. Flertallet viser til at Norge er en viktig bidragsyter og pådriver for internasjonalt samarbeid på dette området, blant annet gjennom OECD, BEPS Inclusive Framework og Global Forum on Transparency and Exchange of Information for Tax Purposes. Flertallet mener det er viktig å forebygge overskuddflytting, og mener Norge må bidra til prinsippbaserte fellesløsninger.

For øvrig viser flertallet til at det for tiden pågår en internasjonal utvikling når det gjelder problemstil-

linger knyttet til lavskatteland. Dette gjelder også CFC-regler (internasjonal betegnelse på regler tilsvarende de norske NOKUS-reglene), og vurdering av slike regler inngår som et eget tiltakspunkt i OECDs arbeid mot overskuddsflytting mv. Flertallet mener at det norske regelverket bør utvikles gjennom at det sees hen til den internasjonale utviklingen her. På denne bakgrunn er det ikke hensiktsmessig å gjøre en større evaluering av NOKUS-reglene på det nåværende tidspunkt.

Norske skattemyndigheters tilgang på opplysninger for å fastsette riktig skatt, herunder å føre kontroll med riktigheten av innrapporterte opplysninger, må for øvrig sikres gjennom andre tiltak. Flertallet viser til at Norge er en viktig bidragsyter og pådriver for internasjonalt samarbeid på dette området, blant annet gjennom OECD, BEPS Inclusive Framework og Global Forum on Transparency and Exchange of Information for Tax Purposes.

Om begrunnelsen for avgrensningen av kildeskattens virkeområde til betalinger til nærstående foretak i lavskatteland viser flertallet til Prop. 1 LS (2020–2021) kapittel 6.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt viser til at kildeskatteregler er et av flere viktig grep OECD/G20 anbefaler for å takle et globalt problem med omfattende skattetak til lavskatteland. Disse medlemmer stiller seg undrende til forslaget og manglende omtale av faren for at reglene potensielt kan brukes til å omgå skatt. Disse medlemmer mener regjeringen burde gitt en mer utførlig analyse av skatteinnkreving av NOKUS-selskap før en slik endring legges fram for Stortinget. På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en grundig evaluering av dagens skatteordning for NOKUS-selskap, særlig med tanke på skattemyndighetenes mulighet til å kontrollere innrapporterte opplysninger og om ordningen bidrar til effektiv innkreving av riktig skatt.»

Disse medlemmer viser til innspill til komiteen fra Tax Justice Norway, der det fremgår at en betydelig andel av investeringer i Norge kommer fra nordmenn som har plassert formuene sine i utenlandske strukturer. Statistisk sentralbyrås statistikk for direkteinvesteringer etter ultimate eierland bak investeringene viser at USA er øverst med nesten 20 pst. Dette tilsvarer 189 mrd. kroner i 2019, en økning på 38 mrd. kroner fra året før.

Disse medlemmer vil understreke at det er en betydelig mengde kapital som påvirkes av de foreslåtte reglene om fradrag og unntak fra kildeskatt for NOKUS-

selskap. Disse medlemmer viser til at blant de 20 landene øverst på listen over hvor investeringene kommer fra, er det en rekke skatteparadiser, deriblant Luxemburg, Nederland, Sveits, Bermuda, Kypros, Singapore, Guernsey og Caymanøyene. Investeringene fra skatteparadiset Luxemburg alene beløp seg til 133 mrd. kroner i 2019. Investeringene fra de tre landene Bermuda, Caymanøyene og Singapore, som er blant lavskattelandene utenfor EØS-området og dermed omfattet av NOKUS-reglementet, var i 2019 på over 65 mrd. kroner. Mye av dette må antas å være investeringer av norske penger plassert i skatteparadis.

Disse medlemmer viser til at kildeskatten er en lite ressurskrevende skatt å innkreve, som også enkelt lar seg kontrollere av skattemyndighetene. NOKUS baserer seg derimot på overskuddene til selskapene i lavskattelandene, og at skattesubjektene selv rapporterer riktige opplysninger for å beregne skatten på en riktig måte. Disse medlemmer peker på at informasjonstilgangen fra skatteparadis generelt har vært så dårlig at skattemyndighetene ikke har hatt mulighet til å kontrollere innrapporterte opplysninger. I skatteparadisene vil selskapene vanligvis ikke ha regnskaps- og revisjonsplikt, og det vil i de fleste tilfeller være nær umulig å kontrollere hvorvidt et innrapportert overskudd for et NOKUS-selskap er riktig. Disse medlemmer viser til at aktører som blir omfattet av NOKUS-selskap, er registrert i jurisdiksjoner som Bermuda, Caymanøyene, Emiratene, Mauritius, De britiske Jomfruøyer m.fl., og at aggressiv skatteplanlegging og skatteomgåelse er den primære motivasjonen til etablering i slike jurisdiksjoner.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt vil videre understreke at kildebekskatning sammen med NOKUS-bekskatning ikke er en form for dobbeltbeskatning, slik regjeringen omtaler det. Kildeskatten er en kapitalkostnad som reduserer overskuddet for det norskkontrollerte foretaket i lavskattelandet og dermed inntekten som kommer til NOKUS-bekskatning.

Disse medlemmer mener at selv om fritak for kildeskatt for NOKUS-deltakerne i prinsippet skal sørge for likebehandling mellom investeringer fra utland og innland, medfører det i praksis en stor risiko for feilrapportering gjennom NOKUS-selskapet, slik at beskatningen vil bli for lav. Et fritak vil også gå i disfavør av norske direkteinvesteringer i Norge. Disse medlemmer vil understreke at vi vet for lite om hvordan dagens NOKUS-ordning fungerer, og vil unngå at vi gjør endringer nå som kan undergrave formålet med kildeskatten.

Disse medlemmer mener videre at kildeskatten ikke bør være avgrenset til nærstående selskaper i lavskatteland, fordi den da ikke treffer bredt nok. Disse

medlemmer viser til forslag i Innst. 4 L (2020–2021) om å reforhandle skatteavtaler med sikte på å få en virksom kildeskatt på royalties og renter også for «normal-skatteland», og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at kildeskatten ikke avgrenses til nærstående.»

«Stortinget ber regjeringen sørge for at kildeskatten på royalties ikke avgrenses til betalinger til lavskatteland.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt fremmer følgende forslag:

«I lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven, del IV, gjøres følgende endringer:

§ 2-3 første ledd ny bokstav i, j og k skal lyde:

- i. renter etter bestemmelsene i § 10-80.
- j. vederlag for bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettigheter, etter bestemmelsene i § 10-81,
- k. *vederlag for bruk av eller retten til å bruke skip, fartøy, rigger mv., fly og helikopter, etter bestemmelsene i § 10-82.*

10-81 skal lyde:

§ 10-81 *Kildeskatt på vederlag for bruk eller rett til å bruke immaterielle rettigheter*

(1) Selskap eller innretning hjemmehørende i *utlandet*, skal svare skatt til staten av vederlag for bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettigheter, jf. § 5-20 første ledd, mottatt fra selskap eller innretning

- a. som nevnt i § 2-2 første ledd,
- b. som nevnt i § 10-40, eller tilsvarende utenlandsk selskap eller innretning, når minst en av deltakerne skattlegges i Norge etter reglene i §§ 10-40 til 10-49,
- c. som er skattepliktig etter petroleumsskatteloven § 1, jf. § 2, eller
- d. som er skattepliktig etter skatteloven § 2-3 første ledd bokstav b, når betalingen tilordnes virksomhet som er skattepliktig til Norge.

(2) Skatteplikt etter første ledd gjelder ikke for

- a. selskap eller innretning som er reelt etablert og driver reell økonomisk aktivitet i et EØS-land på tilsvarende vilkår som fastsatt i § 10-64 bokstav b,
- b. vederlag som skattlegges etter § 2-3 første ledd bokstav b, eller petroleumsskatteloven § 1, jf. § 2, eller
- c. andel av vederlag når deltaker i selskap med deltakerfastsetting, jf. første ledd bokstav b, ikke kan skattlegges i Norge her for sin del av selskapets inntekt. Skatteplikten reduseres forholdsmessig.

§ 10-82 skal lyde:

§ 10-82 *Kildeskatt på vederlag for bruk eller rett til å bruke visse fysiske eiendeler*

(1) Selskap eller innretning hjemmehørende i et lavskatteland, jf. § 10-63, skal svare skatt til staten av vederlag for bruk av eller retten til å bruke skip, fartøy, rigger mv., fly og helikopter, mottatt fra nærstående selskap eller innretning

- a. som nevnt i § 2-2 første ledd,
- b. som nevnt i § 10-40, eller tilsvarende utenlandsk selskap eller innretning, når minst en av deltakerne skattlegges i Norge etter reglene i §§ 10-40 til 10-49,
- c. som er skattepliktig etter petroleumsskatteloven § 1, jf. § 2, eller
- d. som er skattepliktig etter skatteloven § 2-3 første ledd bokstav b, når betalingen tilordnes virksomhet som er skattepliktig til Norge.

Nærstående etter denne bestemmelsen er regulert i § 10-83.

(2) Skatteplikt etter første ledd gjelder ikke for

- a. selskap eller innretning som er reelt etablert og driver reell økonomisk aktivitet i et EØS-land på tilsvarende vilkår som fastsatt i § 10-64 bokstav b,
- b. vederlag som skattlegges etter § 2-3 første ledd bokstav a eller b, eller petroleumsskatteloven § 1, jf. § 2,
- c. vederlag for bruk eller retten til å bruke skip og fartøyer mottatt fra selskap som skattlegges etter bestemmelsene i §§ 8-10 til 8-20, eller
- d. andel av vederlag når deltaker i selskap med deltakerfastsetting, jf. første ledd bokstav b, ikke kan skattlegges i Norge her for sin del av selskapets inntekt. Skatteplikten reduseres forholdsmessig.

§ 10-82 blir ny § 10-83 og skal lyde:

§ 10-83

(1) Som nærstående etter §§ 10-80 og 10-82 regnes:

- a. selskap eller innretning som betaleren direkte eller indirekte eier eller kontrollerer med minst 50 prosent,
- b. selskap eller innretning som, direkte eller indirekte, eier eller kontrollerer betaleren med minst 50 prosent,
- c. selskap eller innretning som nærstående etter b, direkte eller indirekte, eier eller kontrollerer med minst 50 prosent.

(2) Selskap mv. regnes som nærstående etter første ledd dersom kravet til eierskap eller kontroll er eller har vært oppfylt på noe tidspunkt i inntektsåret før betalingen er tidfestet.»

«I lov 21. desember 2020 nr. 166 om endringer i skattebetalingsloven, del III, gjøres følgende endringer:

Ny § 5-4b skal lyde:

§ 5-4b *Plikt til å foreta skattetrekk i renter og betaling for immaterielle rettigheter og visse fysiske eiendeler*

(1) Den som betaler rente eller vederlag for bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettigheter eller skip, fartøy, rigger mv., fly og helikopter som er skattepliktig etter skatteloven §§ 10-80, 10-81 eller 10-82, skal foreta skattetrekk til dekning av inntektsskatt av slik rente eller vederlag.

(2) Skattetrekket beregnes av den trekkpliktige til det beløp skatten vil utgjøre etter Stortingets vedtak om skatt for det aktuelle året.»

«I lov 21. desember 2020 nr. 171 om endringer i skatteforvaltningsloven, del III, gjøres følgende endringer:

§ 8-2 første ledd bokstav a skal lyde:

- a) har hatt formue eller inntekt som er skattepliktig her i landet etter annen bestemmelse i skatteloven enn §§ 10-80, 10-81, 10-82 eller 10-13 og den som ville ha vært skattepliktig etter skatteloven § 2-2 første ledd dersom den ikke etter skatteavtale hadde vært hjemmehørende i en annen stat.

§ 9-1 tredje ledd skal lyde:

(3) Trekkpliktige fastsetter grunnlaget for skatt av inntekt etter skatteloven kapittel 19 (kildeskatteordning), artistskatt, skatt av renter og vederlag for bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettigheter og skip, fartøy, rigger mv., fly og helikopter etter skatteloven §§ 10-80, 10-81 og 10-82, skatt av utbytte og uttak fra aksjesparekonto som er skattepliktig etter skatteloven § 10-13, og skatt som skal beregnes etter Svalbardskatteloven § 3-1, ved levering av melding om trekk som nevnt i § 8-8.

§ 9-2 annet ledd skal lyde:

(2) Trekkpliktige beregner skatt av inntekt etter skatteloven kapittel 19 (kildeskatteordning), artistskatt, skatt av renter og vederlag for bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettigheter og skip, fartøy, rigger mv., fly og helikopter etter skatteloven §§ 10-80, 10-81 og 10-82, skatt av utbytte som er skattepliktig etter skatteloven § 10-13, og skatt som skal beregnes etter Svalbardskatteloven § 3-1, av grunnlaget som er fastsatt etter § 9-1 tredje ledd.

§ 9-6 annet ledd fjerde punktum skal lyde:

Fristen for å søke refusjon av skatt etter skatteloven §§ 10-80, 10-81 og 10-82 og kapittel 19 (kildeskatteordning), er tre år etter utløpet av året skatten er fastsatt for.»

9. Britiske avgiftssubjekter i Merverdiavgiftsregisteret

Sammendrag

Departementet gjer framlegg om endringar i reglane i merverdiavgiftsloven om registrering av avgiftssub-

jekt heimehøyrande i Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland (Storbritannia).

Framlegget inneber at avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia framleis får høve til direkte registrering i Merverdiavgiftsregisteret. Dette gjev avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia høve til å registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret utan å nytte representant. Departementet foreslår òg at i fall avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia nyttar representant, så skal ikkje representanten verte ansvarleg for å betale meirverdiavgift.

Framlegget er i samsvar med reglane som gjeld for avgiftssubjekt heimehøyrande i EØS-statar. Framlegget er difor ei fortsetjing av ordninga som gjaldt for avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia då Storbritannia var medlem i EU.

Framlegget har ikkje vore sendt på høyring, av di departementet legg til grunn at det ikkje er naudsynt. Framlegget vil ikkje få nemneverdige administrative og økonomiske følgjer, ettersom framlegget fører vidare registreringordninga som tidlegare òg gjaldt for avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia.

Departementet syner til framlegg til endringar i merverdiavgiftsloven §§ 2-1 sjette ledd og § 11-1 fjerde ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå den tida Kongen bestemmer.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

10. Pelsdyrholdforbudet – skatteordning ved erstatning

Sammendrag

Landbruks- og matdepartementet la 26. mars d.å. fram forslag om endringar i lov 21. juni 2019 nr. 63 om forbod mot hald av pelsdyr, jf. Prop. 122 L (2020–2021) Endringer i lov om forbud mot hold av pelsdyr (kompensasjonsordning). Forslaget er at oppdrettarar som heldt pelsdyr 15. januar 2018, kan krevje kompensasjon i form av erstatning i samsvar med utmålingsreglane i ekspropriasjonserstatningslova. I høyringa oppmoda Norges Bondelag og Norges Pelsdyrslag til at det vert gjeve fritak for skatt og meirverdiavgift.

Finansdepartementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å foreslå fullt skattefritak, slik Norges Bondelaget og Norges Pelsdyrslag har oppmoda til. Skattelova har ei ordning med såkalla «betinget skattefritak» ved ufri-villig realisasjon, irekna ekspropriasjon. Departementet gjer framlegg om at det etter mønster av denne ordninga vert opna for skattefritak på vilkår for erstatning i samband med forbudet, som vert utmålt etter reglane i ekspropriasjonserstatningslova.

Ordninga til oppdrettarar som følgje av forbudet gjev òg kompensasjon for kostnadar til riving og opp-

rydding, kompensasjon for lågare framtidig alderspensjon, og tilskot til omstilling og kompetanseheving. Desse ordningane bør skattleggjast etter dei vanlege reglane for pensjonsinntekt og inntekt frå verksemd.

Til skilnad frå skatteplikta skal det ikkje svarast meirverdiavgift av erstatning. Departementet legg såleis til grunn at verksemdene ikkje skal betale meirverdiavgift på kompensasjonen dei mottok, knytt til forbudet mot hald av pelsdyr. Forbudet gjev ikkje grunn til unntak frå føresegnene om at det må reknast meirverdiavgift når driftsmiddel frå avgiftspliktig verksemd vert tekne i bruk til andre føremål enn avgiftspliktig verksemd, til dømes til privat bruk. Departementet legg til grunn at ordninga med kompensasjon tek omsyn til meirverdiavgift som må svarast sjølv om driftsmiddel ikkje vert tekne i bruk til andre føremål.

Framlegget vil truleg ha moderate administrative følgjer. Ein kan forvente at det i liten grad vert utbetalt erstatning basert på ekspropriasjonsrettslege reglar i år, og at hovuddelen av utbetalingane vil skje i 2022. Forslaget vil ikkje ha provenyverknader i 2021.

Departementet syner til framlegg til skattelova ny § 14-74. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt, viser til at skatte spørsmålet knyttet til forbudet mot hold av pelsdyr omtales og behandles i Prop. 194 LS (2020–2021) Endringer i skatte-, avgifts- og tollavgivinga m.m., og at regjeringen foreslår et betinget skattefritak. Flertallet viser videre til næringskomiteens behandling av Prop. 122 L (2020–2021) Endringer i lov om forbud mot hold av pelsdyr (kompensasjonsordning) og merker seg at næringskomiteens flertall (medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti) i Innst. 613 L (2020–2021) «legger derfor til grunn at Stortinget ved behandlingen av revidert nasjonalbudsjett gir fullt skattefritak basert på tilsvarende praksis som i de tilfeller hvor skogeiere som avstår grunn til verneformål gis fullt fritak for skatt på sine erstatninger».

På denne bakgrunn fremmer flertallet følgende forslag:

«I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endring:

§ 9-3 nytt åttande ledd skal lyde:

Gevinst ved erstatning etter lov om forbud mot hold av pelsdyr § 3, er fritatt for skatteplikt. Gevinst ved

erstatning etter første punktum for selskap med deltakerfastsetting, er ikke skattepliktig for deltaker ved utdeling etter § 10-42.

Noverande åttande ledd vert nytt niande ledd.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2019.»

Komiteens medlemmer fra Høyre, Venstre og Kristelig Folkeparti slutter seg til regjeringens lovforslag.

Disse medlemmer viser til at kompensasjonsordningen for forbudet mot pelsdyrhold ble behandlet i næringskomiteen, jf. Innst. 613 L (2020–2021). Disse medlemmer viser til egne merknader i denne innstillingen.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjøres følgende endring:

Ny § 14-74 skal lyde:

§ 14-74 *Betinget skattefritak ved opphør av pelsdyrvirksomhet*

(1) Gevinst ved erstatning etter lov om forbud mot hold av pelsdyr § 3, kan kreves fritatt for inntektsskatt så langt skattyter bruker vederlaget til erverv av eller påkostning på areal, bygg eller anlegg som brukes i skattyterens næringsvirksomhet eller annen inntektsgivende aktivitet. Vederlaget kan også brukes til anskaffelse av buskap på gårdsbruk. Dette gjelder likevel ikke bolig- og fritidseiendom. Departementet kan i forskrift gi regler om presisering og avgrensning av reinvesteringer etter denne bestemmelsen.

(2) § 14-70 tredje, fjerde og åttende ledd gjelder tilsvarende. Fristen for reinvestering regnes fra det året hele størrelsen på erstatningen er endelig fastsatt.

(3) Ved oppløsning av selskap med deltakerfastsetting før utløpet av fristen for reinvestering, fordeles gevinsten som ikke allerede er reinvestert, forholdsmessig mellom deltakerne. Fristen for reinvestering etter annet ledd annet punktum fortsetter å løpe for de enkelte deltakerne. Den enkelte deltakeren kan i stedet velge at gevinsten skal skattlegges i oppløsningsåret.

II

Endringen under I gjelder straks med virkning fra og med inntektsåret 2021.»

11. Ansvarsregelen i skattebetalingsloven § 16-12 oppheves

Sammendrag

Etter skattebetalingslova § 16-12 er fullmektig for personar som er busette i utlandet, eller for utanlandske selskap eller innretning som er heimehøyrande i utlandet, ansvarleg for fullmaktsgjevarens skatt av formue og inntekt og trygdeavgift. Regelen avgrensar fullmektigen sitt ansvar til å omfatte skatt og trygdeavgift som skriv seg frå fullmaktsgjevaren si verksemd i Noreg. Skatt som er fastsett på anna grunnlag, er ikkje omfatta av ansvaret. Dette gjeld til dømes skatt av formue eller inntekt av fast eigedom i Noreg som ikkje har tilknytning til verksemda.

Etter skattebetalingslova § 16-1 fyrste ledd gjeld ansvaret når skatte- og avgiftskrav ikkje er betalt av den skatte- og avgiftspliktige ved forfall. Vidare etablerer § 16-1 tredje ledd ein regressrett for den som betalar skatte- og avgiftskrav etter ansvarsregelen.

Det går fram av forarbeida til skattebetalingslova at regelen er ei vidareføring av skattebetalingslova 1952 § 37 fjerde ledd utan materielle endringar, sjå Ot.prp. nr. 83 (2004–2005) Lov om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven).

Undersøkingar som Skatteetaten har gjort syner at regelen i skattebetalingslova § 16-12 aldri har vore nytta. Etter ordlyden i regelen er det ikkje klårt kva for ein type representasjon som er omfatta av fullmektigomgrepet i regelen. Regelen gjev ikkje rettleiing på kva tilknytning eller avtale som må ligge føre mellom fullmektigen og fullmaktsgjevaren for at fullmektigen skal kunne gjerast ansvarleg for skattekrav som er generert av fullmaktsgjevaren si verksemd i Norge. At dette er uklårt kan ha medverka til at ansvarsregelen i skattebetalingslova § 16-12 ikkje har vore nytta i innkrevingssamanheng.

Etter departementet si vurdering trengst det ikkje ein ansvarsregel slik regelen lyder i dag. Ansvarsregelen kan òg reise EØS-rettslege problemstillingar. Departementet foreslår difor at ansvarsregelen i skattebetalingslova § 16-12 vert oppheva, og at endringa tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

12. Folkeregisterloven, kontaktopplysningar for dødsbo

Sammendrag

Departementet gjer framlegg om at informasjonselementet «kontaktopplysningar for dødsbu» i folkeregisterloven § 3-1 fyrste ledd bokstav f, ikkje skal vere underlagt teieplikt i Folkeregisteret.

Utgangspunktet i folkeregisterloven er at opplysningar i Folkeregisteret er underlagde teieplikt, og at dei opplysningane som ikkje er underlagde teieplikt vert lista opp i lova, jf. folkeregisterloven § 9-1. Kontaktopplysningar for dødsbu er underlagde teieplikt. Folkeregisteret kan berre gje ut opplysningar som er underlagde teieplikt til offentlege styresmakter og verksemder, og til private verksemder som har heimel i lov til å hente ut opplysningar frå Folkeregisteret utan at teieplikta hindrar dette, jf. folkeregisterloven § 10-2.

Informasjonen som vert registrert i Folkeregisteret som kontaktopplysningar for dødsbu gjeld den personen eller den organisasjonen som har motteke den originale skifteattesten frå domstolen. Der ein har fødselsnummer eller d-nummer, vert dette registrert, elles vert fødselsdato og namn registrerte. Adressa til vedkomande vert henta frå Folkeregisteret. Dersom vedkomande ikkje har fødsels- eller d-nummer, er det adressa opplyst frå tingretten som vert registrert. For organisasjonar er det organisasjonsnamn og organisasjonsnummer, og den adressa som er oppgjeven, som vert registrert.

Den informasjonen som vert registrert som kontaktopplysningar for dødsbu i Folkeregisteret er ikkje underlagd teieplikt i domstolane. Domstolane vil ved førespurnad gje informasjon om namn og adresse på den som har motteke skifteattesten. Dersom vedkomande kontaktar Folkeregisteret i staden, vil han eller ho ikkje få tilgang til denne informasjonen med mindre vedkomande har heimel i lov til å få informasjonen utdelt. Departementet ser det som uheldig at tilgangen til denne informasjon skal vere avhengig av kva offentlig instans som vert kontakta. Omsynet til harmonisering av lovverket taler for at kontaktopplysningar for dødsbu ikkje skal vere underlagde teieplikt i Folkeregisteret.

Reglane om teieplikt i folkeregisterloven er viktige av omsynet til personvernet. Det er naudsynt med klare reglar om kva informasjon som er underlagd teieplikt og kva informasjon som ikkje er det. Reglane om utlevering av informasjon frå Folkeregisteret korresponderer med reglane om teieplikt, slik at ikkje teieplikta vert utkola av reglar om innsyn og utlevering av informasjon. Etter eit dødsfall vil det vere behov for å klargjere kva som skal skje med aktiva og passiva etter den avlidne, inkludert til dømes forsikringsytingar som fyrst kan realiserast etter dødsfallet. Det er ingen eigne reglar for ein kreditors rett til innsyn i skiftesaker. Ved at kontaktinformasjonen er eit informasjonselement i Folkeregisteret, er det lagt til rette for ei automatisk behandling og utlevering av informasjonen, medan dette er gjenstand for manuell behandling i domstolane.

Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre tungtvegende argument for at kontaktopplysningar for dødsbu skal vere underlagde teieplikt i Folkeregisteret. Framlegget har vore på høyring, og ingen høyringsinstansar hadde innvendingar. Informasjon om mottakar av skif-

teattest er fritt tilgjengeleg frå domstolane, og det bør vere samsvarande tilgang til informasjonen dersom ein kontaktar Folkeregisteret i staden.

Framlegget vil ha avgrensa administrative og økonomiske konsekvensar. Departementet syner til framlegg om endring i folkeregisterloven § 9-1 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

13. Tilskudd ved avbrutt permittering

Sammendrag

I samband med behandlinga av Prop. 94 LS (2020–2021) Endringer i lov 23. juni 2020 nr. 99 om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet), fatta Stortinget 11. mars 2021 følgjande oppmodingsvedtak (vedtak nr. 761):

«Stortinget ber regjeringen i løpet av april gjøre en vurdering sammen med partene av hvordan smittesituasjonen og vaksineringsstempoet påvirker de økonomiske utsiktene, og dermed behovet for forlengning og eventuelle andre justeringer av lønnsstøtteordningen, og komme tilbake til Stortinget med en egen sak.»

Ordninga med tilskot ved avbroten permittering vart innført våren 2020. Arbeidsgjevarar som tok tilbake permitterte tilsette i månadane juli og august 2020, kunne søkje tilskot for desse månadene. Ordninga vart seinare vidareført for månadene oktober, november og desember 2020. Vilkår for å kunne få tilskot under dei to periodane var samanfallande. Ei ny ordning for tilskot ved avbroten permittering vart innført for perioden 15. mars til 30. juni 2020, sjå Prop. 94 LS (2020–2021). Ordninga er i stor utstrekning lik tidlegare ordning, men gjev høgare støtte per tilsett som vert teken tilbake frå permittering, og er meir fleksibel. Etter at ordninga vart lansert, er det igjen innført nye, strenge nasjonale smitteverntiltak som gjer at fleire bedrifter truleg er tilbakehaldne med å ta eigne tilsette tilbake frå permittering.

I Prop. 94 LS (2020–2021) drøfta departementet insentivverknadene i tilskotsordninga i samspel med kompensasjonsordninga. Bedrifter som mottek støtte frå både ordningane, og som kan ta mange tilsette tilbake frå permittering, kan vere tente med å halde omsetninga unødig låg for å hindre at dei mistar støtte. Departementet åttvara mot å vidareføre ordninga inn i sommaren i lys av desse insentivutfordringane, og på bakgrunn av utsiktene for reduserte smitteverntiltak, vaksinerings og gjenopninga av samfunnet. Når gjenopninga av samfunnet no er forseinka, meiner regjeringa at det er grunnlag for å utvide vindauget for ordninga. Regjeringa foreslår samstundes å vidareføre kompensasjonsord-

ninga med enkelte justeringar i berekningsmodellen for å forbetre insentivverknadene i samspelet mellom dei to ordningane.

Regjeringa vil forlengje tilskotsordninga med to månader, det vil seie for juli og august 2021. Talet på dagar den enkelte tilsette kan få tilskot for er uendra på 108 dagar (talet på dagar i perioden frå 15. mars til 30. juni). Når ordninga no vert foreslått forlengja må det innførast ei øvre grense på maksimalt tilskot for dei to nye månadene ordninga gjeld for. Regjeringa ser òg behovet for å fastsetje ei øvre grense på det samla tilskotet eitt selskap kan få under ordninga. Samla tilskot etter gjeldande ordning er maksimalt 9,4 mill. kroner for perioden 15. mars til 30. april 2021, og maksimalt 12,5 mill. kroner for perioden 1. mai til 30. juni 2021. Regjeringa gjer framlegg om at maksimalt tilskot for perioden 1. juli til 31. august 2021 skal vere 12,5 mill. kroner. Regjeringa gjer òg framlegg om at den øvre grensa på selskapsnivå skal tilsvare den samla verdien av det maksimale tilskotet i dei to fyrste periodane. Dette inneber at eitt selskap ikkje kan få tilskot utover 21,9 mill. kroner samla for perioden 15. mars til 31. august 2021. Forlenginga er òg omtalt i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2020–2021) Revidert nasjonalbudsjett 2021. Regjeringa ser etter dette oppmodingsvedtaket som utkvittert.

Framlegget vil ha avgrensa administrative og økonomiske konsekvensar. Departementet syner til framlegg om endring i lov om tilskudd ved avbrutt permittering § 2 fyrste og tredje ledd, § 5 fjerde og sjuande ledd og § 6A femte ledd bokstav c. Føresett at lovendringa vert vedteken, vil departementet endre reglane for maksimalt tilskot ved endring av forskrift til utfylling og gjennomføring av lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet) (FOR-2020-06-29-1420) § 3-6. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt viser til at det fremdeles er usikkerhet knyttet til vaksineringsstempo og smittespredning, og at det dermed kan bli behov for ytterligere forlengelse av lønnsstøtteordningen.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen i løpet av juli 2021 gjøre en vurdering sammen med partene i arbeidslivet av hvordan smittesituasjonen og vaksineringsstempoet påvirker de økonomiske utsiktene og dermed behovet for forlengelse og eventuelle andre justeringer av lønnsstøtteordningen.»

Disse medlemmer mener at det er avgjørende at arbeidsledige og permitterte får sikret sin inntekt så lenge krisen varer. Siden starten av pandemien har det ofte vært usikkerhet knyttet til hvor lenge det vil være behov for midlertidige krisetiltak.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt viser til at regjeringens krisepolitikk for næringslivet har hatt svært skjeve fordelingseffekter og fra begynnelsen har favorisert de rike bedriftseierne på bekostning av de små bedriftene, noe disse medlemmer kontinuerlig har forsøkt å forbedre. Disse medlemmer viser til at Riksrevisjonen støtter dette synet i sin undersøkelse av søknadsbaserte tilskudd i møte med virusutbruddet i 2020, hvor det stilles spørsmål ved at «et lavt antall virksomheter har mottatt en veldig stor andel» av krisestøtten.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet mener det er et selvstendig poeng å ikke utvide varigheten av denne ordningen nå, fordi det gir arbeidsgiverne insentiv til å vente med å ta folk tilbake i jobb. Det viktigste for Norge nå er å øke sysselsettingen. Derfor må Stortinget vedta ordninger som får folk tilbake i jobb nå heller enn senere.

Disse medlemmer viser til Arbeiderpartiets forslag i Innst. 600 S (2020–2021) om å sikre at krisetiltakene varer så lenge krisen varer, og at regjeringen om nødvendig må fremme en sak for rask behandling i Stortinget i innværende sesjon. Dette gjelder også ordningen med tilskudd ved avbrutt permittering.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet viser til at Senterpartiet alt i Innst. 297 L (2020–2021) ved behandling av Prop. 94 LS (2020–2021) foreslo at ordningen med tilskudd ved avbrutt permittering skulle gis lengre varighet og ha større fleksibilitet.

Disse medlemmer viser til følgende merknad fra Senterpartiet og Fremskrittspartiet:

«Disse medlemmer antar at mange bedrifter vil stå i store utfordringer også gjennom sommermånedene. Disse medlemmer mener det er viktig med fleksibilitet i ordningen, og ønsker derfor å forlenge ordningen med lønnsstøtte frem til 1. september, men med en begrensning på 3,5 måneder.»

Disse medlemmer mener det ville vært en stor fordel om denne justeringen av innretning ble gjort alt i mars heller enn å vente til juni. Det ville gitt bedrifter og ansatte langt større forutsigbarhet, og mulighet for at flere permitterte ansatte kunne komme i jobb gjennom ordningen. Disse medlemmer påpeker at på det tidspunktet Stortinget behandlet Innst. 297 L (2020–2021), var det alt kommet nye smittebølger og varslet

innstramminger i smittetiltak både nasjonalt og regionalt.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt viser til at det er på overtid å stramme inn krisestøtten for de største bedriftene.

Disse medlemmer mener lønnsstøtteordningen skulle vært innrettet slik at den premierte bedrifter som holder folk i arbeid, ikke bare de som tar tilbake permitterte.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sette et makstak i lønnsstøtteordningen på 5 mill. kroner per foretak per måned og et totalt tak på 10 mill. kroner per foretak.»

14. Tilskuddsordning for foretak

Sammendrag

I samband med at regjeringa gjer framlegg om endringar i korleis tilskotet skal reknast ut under den generelle kompensasjonsordninga frå juli 2021, er det grunn til å endre ordlyden i lova.

Gjeldande regel er å rekne ut tilskotet for ei verksemd ved å ta dei relevante faste kostnadane og multiplisere med verksemda sitt fall i omsetning og ein justeringsfaktor.

Endringa inneber å justere modellen for utrekning slik at støttebeløpet stig lineært frå null ved terskelen for støtte (30 pst. fall i omsetning) og opp til eit visst nivå av faste uunngåelige kostnadar når verksemda er heilt stengt og ikkje har omsetning. Føremålet med endringa er å redusere uheldige insentivverknader rundt terskelverdien på 30 pst., trappe ned samla støttenivå, men samstundes halde oppe eit akseptabelt støttenivå for verksemdar som er heilt stengde ned.

Framlegget i omtalen under kap. 900 post 85 er å gå over til ein modell frå juli 2021 der det ikkje i same grad som no er ein vesentleg terskeffekt ved fall i omsetnaden på 30 pst. Regjeringa foreslår å rekne ut tilskotet ved bruk av omtrent same formel, men ikkje ved å multiplisere med fall i omsetnad, men heller med fall i omsetnad utover ei nærare fastsett grense. Framlegget er at frå juli skal ein trekkje frå 30 prosentpoeng frå fall i omsetnad i prosent. Dette representerer ei viss nedtrapping av støttenivået i dag. Føresetnaden om at verksemda har hatt eit fall i omsetnad på minst 30 pst for å falle inn under ordninga gjeld framleis. Følgjande justerte formel for utrekning vert lagd til grunn:

Støtte = Faste uunngåelige kostnadar × (fall i omsetnad i prosent - 30)/100 × faktor

For å få ein ordlyd i lova som dekkjer både korleis tilskotet vert rekna ut under gjeldande formel og under ein mogleg ny formel frå juli 2021, foreslår regjeringa ei

mindre endring i § 6. Dei andre føresegnene i lova vert ikkje endra. Det vert vist til framlegg om endring i § 6 i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020. Regjeringa foreslår at lova tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Senterpartiet og Miljøpartiet De Grønne, slutter seg til regjeringens lovforslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt viser til at mange små bedrifter har vært hardt rammet av pandemien. Støtteordningene har ikke i tilstrekkelig grad truffet disse bedriftene, og disse medlemmer har ved flere anledninger foreslått kraftigere tiltak for å hjelpe flere bedrifter og arbeidsplasser gjennom krisen.

Disse medlemmer mener at regjeringen burde ha rettet opp urettferdigheten i støtteordningene ved å etablere et ekstra tilskudd til små bedrifter som er hardt rammet av smitteverntiltakene, jf. forslag i Innst. 119 L (2020–2021), Innst. 233 S (2020–2021) og i Dokument 8:262 S (2020–2021). Dette gjelder særlig virksomheter innen tjenesteytende næringer som reiseliv, uteliv og servering.

Disse medlemmer viser til at mange kommuner har hatt strenge smitteverntiltak mesteparten av mai måned. De fleste steder er disse nå redusert betydelig, eksempelvis slik at serveringsbransjen er gradvis åpnet opp igjen. Ved at bedriftene i den generelle kompensasjonsordningen for næringslivet må søke for mai og juni samlet, kan dette få store konsekvenser for bedrifter som har lidd store tap i mai måned, men som nå i større grad har muligheter til å holde åpent i juni. Disse medlemmer mener regjeringen bør vurdere tilpasninger for disse månedene som sikrer at hardt rammede bedrifter får støtte.

Disse medlemmer viser til at disse medlemmer har fremmet rettferdighetskrav i forbindelse med krisepakken, herunder for midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall, hver gang denne har vært til behandling i Stortinget.

Disse medlemmer nøyer seg med å vise til merknader i tidligere behandlinger av denne ordningen i Innst. 232 L (2019–2020), Innst. 19 S (2020–2021) og Innst. 233 S (2020–2021) og fortsetter å beklage høyresidens nei til rettferdig krisepolitikk.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt viser til at smittetrykket i store deler av samfunnet er på veg ned, og at det bare den siste måneden er mange områder

som gradvis har startet gjenåpningen. Nasjonalt er det i større grad lagt til rette for at det går an å reise igjen. Ettersom vaksineringsgraden er økende, vil det forhåpentligvis være få bedrifter som direkte eller indirekte stenges ned fremover.

Disse medlemmer mener derfor at det er mindre aktuelt å etablere et ekstra tilskudd med virkning fremover, og at det er riktig at støtte i økende grad vris fra kompensasjon til aktivitetsskapende tiltak. Når regjeringen konsekvent har vært imot å rette opp skjevheter i kompensasjonsordningene, må dette imidlertid tas hensyn til når de aktivitetsskapende tiltakene utformes. Dette gjelder eksempelvis at de små tjenesteytende bedriftene har svakere likviditet enn de burde hatt med mer rettferdige støtteordninger. Disse medlemmer vil derfor foreslå flere tiltak som skal sikre at de aktivitetsskapende tiltakene rettet mot de små bedriftene styrkes.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt viser til at dette er rimelige krav om å hverken si opp ansatte hvis bedriften får støtte, ikke betale ut utbytte, bonuser eller øke lederlønninger, som Høyre og de borgerlige partiene dessverre har stemt imot gang på gang. Koronakrisen øker forskjellene, og en krisepolitikk hvor fellesskapet dekker tap for aksjonærene, forsterker de økte forskjellene.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet støtter i utgangspunktet justeringen av beregningsmodell, gitt at det også foretas andre endringer i kompensasjonsordningen som sikrer en mer reell dekning av faste uunngåelige kostnader for virksomheter som er hardt rammet av pandemien.

Disse medlemmer understreker at det over lang tid har vært påpekt fra både bedrifter og organisasjoner at det er store mangler i beregningen av kostnadsgrunnlag, noe som gjør at mange bedrifter ikke får dekket sine reelle faste uunngåelige kostnader slik som er intensjonen med tilskuddsordningen.

Disse medlemmer påpeker at justeringen av beregningsmodell isolert sett vil gi en reduksjon i samlet støttenivå. Dersom det ikke inkluderes flere faste uunngåelige kostnader, eksempelvis renhold, visse lønnskostnader, avskrivninger m.m., vil disse medlemmer gå imot den foreslåtte endringen i beregningsmodell.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen inkludere flere faste uunngåelige kostnader i den generelle kompensasjonsordningen for næringslivet, slik at omleggingen av beregningsmodell ikke medfører en nedtrapping av samlet støttenivå for hardt rammede virksomheter.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt viser til at regjeringen under hele krisen har ønsket å være mest mulig rundhåndet med landets største bedriftseiere, mens små aktører har gått for lut og kaldt vann. Disse medlemmer registrerer at det nå legges en demper på regjeringens gavepakker til de rike eierne ved at det kommer et lavere makstak i ordningen gjennom EØS-avtalen. Disse medlemmer registrerer imidlertid at regjeringen ønsker å sno seg unna intensjonen i makstaket ved å tolke det som et maksimalt årlig beløp heller enn et maksimalt månedlig beløp. Disse medlemmer mener imidlertid tiden er moden for å sette et enda lavere makstak enn EØS-avtalen skulle tilsi, og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sette et månedlig makstak per foretak på 5 mill. kroner per måned i kompensasjonsordningen for næringslivet, og et årlig makstak som harmonerer med dette, med tilbakevirkende kraft.»

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti har gjentatte ganger foreslått en nasjonalt omsetningsbasert tilskuddsordning for hardt rammede bedrifter, enten gjennom omlegging av kompensasjonsordningen for næringslivet eller opprettelsen av en egen ordning. Dette medlem viser til at den kommunale kompensasjonsordningen, selv om den ikke er dette medlems foretrukne løsning, fremover må brukes aktivt dersom det er behov for det ved ytterligere lokale nedstengninger, og viser til forslag knyttet til dette i Innst. 600 S (2020–2021). Dette medlem viser videre til gjentatte forslag fra Sosialistisk Venstreparti om å utvide kompensasjonsordningen for at små bedrifter skal få mer støtte, først i Dokument 8:95 S (2019–2020) og kontinuerlig siden.

Komiteens medlem fra Miljøpartiet De Grønne er av den oppfatning at kompensasjonsordningen i for stor grad har tilgodesett større bedrifter som har hatt selvstendig mulighet til å hente kapital i markedet. For å rette ordningen mot de minste aktørene, foreslår dette medlem at det settes et tak på 5 mill. kroner per måned i støtte per foretak.

På denne bakgrunn fremmer dette medlem følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sette et månedlig maksimumsbeløp på tilskudd fra den generelle kompensasjonsordningen for næringslivet på 5 mill. kroner per foretak.»

15. Omtalesaker

Omtalesaker behandles i Innst. 600 S (2020–2021) kapittel 4.

16. Opprettinger og presiseringer

Sammendrag

Skatteloven § 4-13 første ledd andre punktum

Skatteloven § 4-13 regulerer verdsetjingstidspunktet for aksjar i nokre tilfelle. Foresegna sitt første ledd andre punktum slår fast at verdsetjingstidspunktet skal vere 1. januar i skattefastsettingsåret dersom aksjen året før er stroken frå «(...) notering på SMB-listen ved Oslo Børs.» SMB-lista vart avvikla for fleire år sidan. Det siter-te er difor overflødig, og vert foreslått fjerna frå lovteksten.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 4-13 første ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Lovendringar som følge av endringar i skatteloven § 4-10

I samband med statsbudsjettet for 2021 vedtok Stortinget endringar i skatteloven § 4-10. Det er difor naudsynt å korrigere enkelte tilvisingar til ulike ledd i denne foresegna i Svalbardskatteloven og eigedoms-skattelova.

Departementet syner til framlegg om endringar i Svalbardskatteloven § 3-2 andre ledd og eigedomsskatte-lova § 8 C-1 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

Skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b

Skatteforvaltningsloven § 7-2 regulerer plikta til å gje opplysingar om løn m.m. for den som sjølv eller gjennom andre utbetalar eller yter fordelten. Ved lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven vart skatteloven § 5-42 første ledd bokstav a og § 6-52 endra slik at underhaldsbidrag m.m. ikkje lenger er skattepliktig. Ved lov 23. juni 2020 nr. 108 vart difor skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b endra slik at det ikkje lenger var plikt til å gje opplysningar om underhaldsbidrag.

Ved ein inkurie kom ordet «underhaldsbidrag» inn i lova igjen då skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b vart endra i samband med at lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) vart vedteke. Departementet foreslår at feilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Skatteforvaltningsloven § 11-2 første ledd bokstav a

Skatteforvaltningsloven § 11-2 regulerer skattestyresmaktene si rett til å gje pålegg om revisjon. Etter første ledd bokstav a gjeld denne retten «aksjeselskap der det er truffet beslutning i medhold av fullmakt etter aksjeloven § 7-6». Ved lov 16. juni 2017 nr. 71 om endringer i aksjelovgivningen mv. (modernisering og forenkling) vart aksjeloven § 7-6 endra slik at det ikkje lenger er naudsynt med fullmakt. Departementet foreslår at «fullmakt» vert teke ut av skatteforvaltningsloven § 11-2 første ledd bokstav a, slik at ordlyden harmonerer med endringa i aksjeloven.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteforvaltningsloven § 11-2 første ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 første ledd bokstav g

Merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 fastset lova sitt verkeområde. I § 2 første ledd bokstav g står det at lova gjeld «opplæring av voksne elever uten rett til videregående opplæring ved frittstående skoler etter forskrift fastsatt med hjemmel i friskolelova § 3-1 femte ledd og ved frittstående skoler som er godkjent for å drive særskilt opplæring for funksjonshemmede, jf. friskolelova § 3-1 andre ledd andre punktum». Tilvisinga til friskolelova § 3-1 femte ledd er feil. Riktig tilvising skal vere friskolelova § 3-1 andre ledd fjerde punktum.

Departementet foreslår at tilvisinga vert retta og syner til framlegg om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 første ledd bokstav g. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

17. Andre merknader og forslag**17.1 Petroleumsskatt**

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Rødt viser til at Finansdepartementet i svar på budsjettspørsmål 30 fra Sosialistisk Venstreparti i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2021 oppgir at anslaget på det samlede provenytapet fra skatteendringene nå har steget fra 8 mrd. kroner til 10 mrd. kroner. Videre har professor Diderik Lund i en artikkel i Samfunnsøkonomen 2020 anslått at subsidiene i nåverdi vil bli flere titalls milliarder på sikt.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne viser videre til at grunnlaget for de midlertidige endringene i petroleumsskatten har falt fullstendig bort selv på premissene til flertallet som vedtok dem. Olje-

prisen er per 1. juni 2021 over 70 dollar, et nivå den ikke har vært på på to år – altså over ett år før oljeskattepakken ble vedtatt. Disse medlemmer vil minne flertallet om at den lave oljeprisen var en (offisiell) hovedbegrunnelse for å gjøre endringer, og imøteser en rettferdiggjøring av denne milliardbruken av fellesskapets midler i lys av dagens oljepris og lysere utsikter for økonomien generelt i og med gjenåpningen av samfunnet.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart legge frem forslag om å reversere de midlertidige endringene i petroleumsskatten.»

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 legge frem et forslag til et nøytralt petroleumsskattesystem.»

17.2 Skatt på utbytte

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt viser til at flertallet på Stortinget gjennom behandlingen av en lang rekke krisepakker for å bøte på konsekvensene av koronapandemien har unnlatt å stille konkrete krav for å begrense eller forby selskaper som mottar støtte fra fellesskapet, å betale ut utbytte, noe som kunne hindret at statlig hjelp ender opp som privat berikelse.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti fremmer følgende forslag:

«I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjøres følgende endringer:

I følgende bestemmelser skal oppjusteringsfaktoren '1,33' endres til '1,64':

1. § 10-11 første ledd annet punktum
2. § 10-21 fjerde ledd tredje punktum
3. § 10-21 syvende ledd tredje punktum
4. § 10-31 første ledd fjerde punktum
5. § 10-31 annet ledd annet punktum
6. § 10-42 tredje ledd bokstav b
7. § 10-44 første ledd tredje punktum

II

Endringene under I trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2021.»

Komiteens medlem fra Rødt viser til at som et av flere grep for å sikre en mer rettferdig fordeling av kriseregninga, fremmer dette medlem forslag om at oppjusteringsfaktoren for skatt på utbytte som er utbetalt under koronakrisa, bør økes, og viser videre til eget

forslag i Innst. 600 S (2020–2021) om å øke trinnskattesatsen for inntekter som overstiger 1 mill. kroner, samt flere andre skatteforslag som kan bidra til en mer rettferdig fordeling av regninga etter koronapandemien.

Dette medlem fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjøres følgende endringer:

I følgende bestemmelser skal oppjusteringsfaktoren '1,33' endres til '1,70':

1. § 10-11 første ledd annet punktum
2. § 10-21 fjerde ledd tredje punktum
3. § 10-21 syvende ledd tredje punktum
4. § 10-31 første ledd fjerde punktum
5. § 10-31 annet ledd annet punktum
6. § 10-42 tredje ledd bokstav b
7. § 10-44 første ledd tredje punktum

II

Endringene under I trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2021.»

17.3 Skatt på formue

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til disse medlemmers forslag i Innst. 600 S (2020–2021).

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til Sosialistisk Venstrepartis alternative statsbudsjett, der verdsettelsesrabatten for aksjer og driftsmidler foreslås fjernet og satsen på formuesskatten foreslås økt.

